

*Biskop Tor Singsaas, juleandakt til menighetsblad, 2012:*

## Guds hjartelag- og vårt

Julenatt viste Gud oss hjartelaget sitt.

Han gav oss Jesus, - for at ingen skal vere åleine i livet lenger.

Jesus kom for å gje seg sjølv til oss.

Han viste særleg omsut for den som er einsam og utanfor, og for den framande.

I jula gjev vi og meir av oss sjølve enn vanleg. Vi viser vårt hjartelag.

Vi tenkjer på den som er framand mellom oss.

I kristen og jødisk tradisjon har det vore slik at når ein held festleg lag, skulle det vere dekt på til ein ekstra ved bordet. Det skulle stå ein ledig stol i fall ein framand skulle banke på døra og be om mat og husrom. Ein skulle vere budd på at Kristus, Messias kom til festen. Og einkvar framand som banka på, kunne vere Kristus, - for han ser ut som alle oss andre.

Ja, det er til og med slik at vi trur at Kristus kjem saman med kvar framand som bankar på døra vår og ber om mat og husrom.

Det ligg djupt i julebodskapen at Jesus stiller seg saman med dei utstøtte. Tidleg vart han ein utstøtt sjølv.

For det var ikkje husrom i Betlehem for Jesusbarnet, Maria og Josef. Og dei vart og snart flyktingar, då kong Herodes stod dei etter livet.

Jesus Kristus slår følgje med den som er på flukt. Han gjev seg saman med den som er huslaus og einsam.

Mange framande, flyktingar, asylantar, romfolk og huslause bankar på døra vår for tida, både til oss som storsamfunn, og som einskildmenneske.

Dei ber om å få kome inn i varme og tryggleik hos oss.

Kristus er i følge med dei.

Det er utfordrande å vere medmenneske. Men og ei stor velsigning, - for Gud, vår skapar og frigjerar, har gjeve oss til kvarandre.

Lat oss be om at Kristus sjølv hjelper oss å vise kristent hjartelag når vi møter vårt medmenneske.

Velsigna jul.



Copyright Det Norske Bibelselskapet. Bilde: Nelly Bube